



Røysterett for Alle med sine 20 koristar i dag syng godt. Musikalsk leiar er Maria Malmsten.

**Ikkje alle bygder har fleire kor og to musikkorps. Uskedalen har det meste og i dag fekk vi høyra 30 åringen Røysterett for Alle, Uskedal skulemusikklag og Uskedal musikklag. Røysterett for Alle opna gudstenesta med svensk Sommarsalm, omsett til nynorsk av Svein Rimestad. I andre avdeling fekk vi framført Erik Bye sin tekst Blå salme, som eigentleg ikkje var ein salme før Bye skreiv den 3. strofen med eit religiøst innhald.**

Uskedal musikklag sviktar ikkje. Med ein snittalder på over 70 år og med to medlemer, Leif Matre og Bjørgulv Eik, godt over 80 år, er inntrykket alltid like solid. Den einaste som manglar no, er at musikantane legg seg i trening og marsjerer fremst i toget, slik Uskedal musikklag gjorde i si tid på mange nasjonaldagar i Valen, Sunde, Matre, Omvikdalen og i Uskedalen. Musikklaget stod mellom anna for tonefyllgje i dag på nasjonasongane.



Uskedal musikklag skuffar ikkje, heller ikkje når dei har oppgåva med å vera tonefylgje til allsongane.

Skulemusikken med sin musikalske leiar Tore Skeie Olsen er i toppform etter å nys har vore i Peer Gynt salen i Grieghallen på Hordablesten. Åtte medlemmer vart i dag heidra for lang og tru teneste, for 3, 5 og 7 år som aktive medlemmer. ( Sjå bilete ).

Allsongen fungerte godt i dag, så lenge ein har tekst. Kongesangen vert ikkje framført så ofte i Uskedalen. Tonen er kjend, men det kan vera forvirrande når ein vekslar mellom bokmål og nynorsk tekst. I dag vart den gamle bokmålstektsten brukt, men det finst to omsetjingar på nynorsk. Den siste omsetjinga er av Edvard Hoem og er godt brukande.

Tekst/nett/foto: Kristian Bringedal



Heider for lang og tru teneste i Skulemusikken. F.v: Sigrí M. Lekva ( 3 ár ), Emma M. Ripel ( 5 ár ), Amalie Rød, Camilla M. Ripel, Thea S. Taranger og Hanna Tvilde - alle 7 ár. Helene Myklebust ( 5 ár ), og Ida Marie Eidsvik ( 7 ár ), var ikkje til stades då bilete vart teke.